

Vil bli med Hellstrøm til Toscana

25.09.2012

**Dette har eg utruleg stor lyst til å bli med på.**

**Det seier Uskedalens eigen  
dyktige kokk Elin Enes som no  
kjempar om å bli ein av seks i eit heimekokkelaug.  
Dei skal få bli med kjendiskokk Eyvind Hellstrøm på  
mat-tur til Toscana,eit arrangement som Jernia står bak**

Elin ligg akkurat no på sjetteplassen i dysten og oppmodar så mange som mogeleg om å røysta på henne. Seinare i dag var ho nede på tiandepllassen.

Røystinga går mellom anna føre seg på facebook.

Hellstrøm seier at han er ute etter entusiastiske heimekokker som lever for å lage god mat fordi folk fortener betre enn det som blir servert no.

Elin seier at altfor mange på hennes alder vel lett vindte løysingar med ferdigmat sjølv om det er mogeleg å laga maten frå grunnen av.

Av Ola Matti Mathisen